

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016

I samband med RS 40/16 "Svar på oversendingsforslag - Innfartsparkering – framdrift " bad **Natalia Golis (MDG)** om at det vert lagt fram frem status for dei andre innfartsparkeringane, inkludert i distrikta, der det vert vist til behov/ kapasitet og utfordringar, sett i samanheng med innfartsparkeringsplanen. På spørsmål frå **Pål Kårbo (KrF)** informerte fylkesdirektør samferdsel om prosessen: Alle tilboda frå grunneigarar vert registrerte, fylkeskommunen gjer eigne teljingar/vurdering av kapasitet og vil evaluere tilboda mot strategien for innfartsparkering.

I samband med RS 32/16 "Status i arbeidet med å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa" bad **Natalia Golis (MDG)** om å verte løpende orientert om korleis omstillingsmidlane vert nytta.

I samband med RS 38/16 "Større saker til politisk behandling 1. halvår 2016 - per januar 2016" oppmoda **Anne Beth Njærheim (V)** om at det vert lagt inn meir tid mellom utvala slik at partigruppene får høve til grundig behandling av dei tyngste sakene (døme: skulebruksplan, tannhelseplan).

Til RS 38/16 sa **Benthe Bondhus (Sp)** at oversikta er ein god reiskap for dei folkevalde. Ho påpeikte likevel at administrasjonen ikkje alltid legg fram sakene i tråd med planen som kjem fram i RS 38/16.
Fylkesdirektør opplæring gjorde merksam på at det heng igjen nokre ferdige saker i dokumentet.